

Arkivsaksnr: 2015/3782-0

Saksbehandler: Linn Myrvold

Dato: 22.06.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	27/2015	

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde- Søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Oppistova i Gomsdalen i Stranda kommune

Søkar: Olav Elling Gausdal

Dokument i saka

1. Søknad
2. Forvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap Delområde Geirangerfjorden
3. Naturmangfaldlova

Saksframlegg

Søknad

Olav Elling Gausdal er ein av grunneigarane i Gomsdalen i Stranda kommune og søkar om løyve til helikoptertransport for å frakte material som skal brukas i forbindelse med vedlikehaldsarbeid på gardsbruket «oppistova». I tillegg søkas det om dispensasjon for persontransport for at Ausdals mor på 80 år skal kunne være med . Strekning for helikopterflyginga: Helikopteret vil lande ved parkeringsplassen ved Korsmyra og fly til Oppistova.

Tal på helikopterlandingar: det søkas om to turar for å ha mulighet til å være nokon timer på fjellgarden.

Tidsrom: 6. eller 7. juli.

Material som ønskes fraktas inn: beis, maling, bensin (til slåmaskin) og gassboksar m.m.

Naturmangfaldloven og verneforskrift

Føremåla med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er å

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandsskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

I samband med dette er stillhet, ro og fråvær av motordur en viktig kvalitet for både dyr og mennesker. Det er ein overordna nasjonal målsetting å holde omfanget av motorisert ferdsel i utmark på et minimum, både i og utanfor verneområdene. I verneforskrifta for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.1 finn ein eit generelt forbod mot motorferdsel på land og i vatn,

inkludert landing med luftfartøy. Forvaltningsstyremakta kan etter § 3 punkt 5.3 f gjøre unntak for helikoptertransport av materialar og utstyr til vedlikehald og byggearbeid på anlegg, bygningar, klopper og liknande.

Tiltak som går ut over vanleg vedlikehald og skjøtsel av bygning vil være søknadspliktig jf. § 3 punkt 1.1. Det finnes ikkje heimel i verneforskrifta til transport av personar med helikopter. Det må derfor gjennomførast ei vurdering etter Naturmangfaldlova § 48 (Dispensasjon frå vernevedtak) første ledd. Etter § 48 første ledd kan forvaltningsmyndigheita gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal takast med i vurdering av alle tiltak.

Vurdering

Gomsdalstunet ligger om lag 600 m.o.h. og er ein av dei minst tilgjengelege fjordgardane langs Storfjorden. Både frå Bringa nede ved fjorden og frå Korsmyra tek det 2-3 timar å gå til «Oppistova». Gardsbruket blei fråflytta i 1907 og brukas i dag som fritidseigendom. Det er positivt at grunneigar ønskjer å vedlikehalde gardsbruket. Ingen av personane som ønskjer å fraktas inn med helikopter har budd på fjellgarden og har dermed ikkje særskilt tilknytning til garden.

Omfattande motorferdsel gjev støy og uro, og kan verke sjenerande på opplevinga av dette landskapet. Dette er bakgrunnen for at motorferdsel i utmark vert søkt redusert. I

forvaltningsplanen for verdsarvområdet framkjem det at løyve til transport av personar med helikopter normalt ikkje vil bli gitt. Motorferdsel skal etter forvaltningsplanen unngåas på søndagar og heilagdaggar, samt i fellesferiar (s.42).

Området i Gomsdalen ligger elles innafor vernesona. Ei soneinndeling inneber at det vil vere lettare å få løyve til ulike tiltak i brukszone enn i vernesona.

Vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12

§ 8 «Kunnskapsgrunnlaget»

Søk i naturbase og gislink viser at det ikkje er registrert nokon sårbare artar eller naturtypar i nærleiken av gardsbruket i Gomsdalen. Flyginga skjer utanfor sårbar periode for rovfugl og vilt og vegetasjonen vil normalt ikkje ta skade av helikopterlandinga. Det kan likevel ikkje garanterast for at fugle- og dyrelivet i området ikkje blir negativt påverka av tiltaket. For å ta omsyn til § 9 «Føre-var-prinsippet» er det derfor ønskelig at flyginga skjer i tidsrommet som er oppgitt og at flyginga avgrensas til to turar som det søkas om.

§ 10 «Økosystemstilnærming og samla belastning»

Støy frå helikopter medfører uro og støy som reduserer opplevingsverdiane i området. Det må vurderast om ein eventuell dispensasjon vil kunne føre til presedens for liknande saker i landskapsvernområdet. Det er fleire høgdegardar i landskapsvernområde som er vanskelig tilgjengelig for rørslehemma og eldre. Det kan koma liknande søknader frå andre brukarar i området og denne saka vil difor kunne føre til presedens.

§ 11 «Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshavar»

Denne paragrafen er ikkje aktuell i dette høvet.

§ 12 «Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar»

Materialane veier tungt og det vurderas dit at det er behov for helikopter.

Konklusjon

Vedlikehald av bygningar er eit positivt tiltak for å ta vare på kulturminner og det vil derfor bli innstilt positivt til ein tur med helikopter for å frakte inn materiell og utstyr. Av omsyn til naturmangfaldlova og føringar gitt i forvaltningsplanen samt overordna nasjonale målsettingar blir det ikkje gitt dispensasjon til persontransport til Gomsdalen.

Forslag til vedtak

Verneområdestyret gir med dette Olav Elling Ausdal løyve til å bruke helikopter for transport av materialar til vedlikehaldsarbeid på fjellgarden i Gomsdalen i Stranda kommune. Løyva er gitt i medhald av forskrift om vern for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 f. Det er gitt løyve til ein tur (tur/retur). Personar kan takast med i transporten så lengje det ikkje fører til fleire turar. Det blir gitt avslag på søknad om ekstra helikopterlanding for persontransport av omsyn til naturmangfaldlova, føringar gitt i forvaltningsplanen samt overordna nasjonale målsettingar.

Vilkår

1. Løyva er knytt til Olav Elling Gausdal som er ansvarlig for at vilkåra overhaldas.
2. Talet av helikopterlandingar lyt avgrensas til det minimale og ikkje overskride ein landing i løpet av juli-august 2015.
3. Når helikopterlanding gjennomførast skal det gis beskjed til verneområdeforvaltar.
4. Transporten skal utføres på ein kvardag av omsyn til andre som er til stades i området slik at forstyrringa blir minst mogeleg.
5. Dispensasjonen må tas med ved gjennomføring av tiltaket og vises på førespurnad.

Klagerett

Dette vedtaket kan i samsvar med § 28 i forvaltningsloven påklagast av ein part eller andre med rettslig klageinteresse. Frist for å klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Klaga bør grunngjevast.